




FNB si liste mangla då Jan Eirik skulle stemme



| HENRIK HAUKEN

OPPDATERT: 27.AUG.2019 13:20 | PUBLISERT: 26.AUG.2019 19:43



Då Jan Eirik Feste skulle førehandsstemme, blei han sjokkert. Vallisten til FNB Alver var ikkje å sjå nokon plass i valboden. Illustrasjonsbilde
FOTO: Scanpix

Jan Eirik Feste fann ikkje lista til Folkeaksjonen nei til mer Bompenger (FNB) då han skulle førehandsstemme på Lindås Bibliotek.

Då Jan Eirik Feste skulle førehandsstemme på Lindås bibliotek måndag føremiddag, måtte han ut igjen av boksen. Lista han såg etter, var ikkje der.

ANNONSE



– Eg måtte nesten true dei for å få den fram. På kommunevalet var alle listene til FNB fjerna, medan det på fylket var gøymd godt bak ein annan liste. Dette er valfusk!

Stadfestar situasjonen

Då Strilen ringer til biblioteket, lover dei at alle listene skal vere tilgjengeleg no. Valansvarleg for Alver kommune, Tove Mette Fyllingen, stadfester at det tidlegare på dagen har vore ein situasjon.

– Eg har fått tilbakemelding på hendinga i dag, men eg veit ikkje når listene blei borte. Vi sjekka alt då lokala blei opna klokka 12 i dag.

Fyllingen seier det ikkje dreier seg om sensur.

– Sidan det er ei heil liste som er borte, trur eg at nokon har fjerna lista etter å ha stemt. Vi veit at det kan skje, og vi skal passe på.


– Uakseptabelt

Leiar i FNB Alver, Morten Klementsens, synest situasjonen er trist.

– Dette er illevarslande og høyrest ikkje bra ut i det heile tatt. Det er deira plikt å følgje opp valboden. Folk skal ikkje kunne flytte på lister, seier Klementsens.

– *Er dette sensur eller valfusk?*

– Bra er det ikkje. For oss er dette uakseptabelt.





Morten Klemetsen synest det er trist at ikkje lista til FNB var å finne i stemmelokalet. Han håper det ikkje var tilsikta.
Henrik Hauken

– Eit udemokratisk sinnelag

Førsteamanuensis ved Insitutt for sammenliknende politikk ved Universitetet i Bergen, Terje Knutsen, har valobservasjon og valåtferd som sitt spesialområde. Han vedgår at problematikken med manglande lister skjer frå tid til annan.

– Det at lister forsvinn, skjer diverre av og til, men det er valmedarbeidarane i lokalet sitt ansvar å syte for at det er omtrent like mange vallister til kvart enkelt parti. Dei skal etterfølgje dette, slik at dei som kjem inn i valboden ikkje skal få inntrykk av at det eine partiet sine lister er meir tomme – altså underforstått at dei er meir populære.

Knutsen har sjølv vore valmedarbeidar, og har opplevd den same problematikken.

– Den gongen tok ein person bort vallister frå eitt bestemt parti. Då hadde vi sjekka lokalet fire til fem veljarar før det. Så det kan skje, sjølv om ein passar på.

– *Er det eit demokratisk problem at ei liste forsvinn?*

– Det er heldigvis ikkje eit stort problem, men det er udemokratisk og trist når det skjer. Det at nokon føler så sterkt, at dei har eit så udemokratisk sinnelag, at dei fjernar lister frå vallokalet, er demokratisk betenkeleg. Valkampen skal avgjerast før ein går inn i valboden, seier Knutsen.

– Håper det er tilfeldig

Det er ikkje første gong Klemetsen høyrer om at lista hans er borte frå eit stemmelokale. Då eit par skulle stemme på Radøy, fann dei ikkje FNB si liste.

– Dei fann ikkje lista til FNB i valboden, så dei valde å stemme på eit anna parti. Det er ikkje alle som er like frampå, og vil seie si meining til dei valansvarlege. Då må vi vite at det som skjer i vallokalet går riktig føre seg.

Klementsens seier at vedkommande på Radøy i ettertid har uttalt at dei gjerne vil stemme på ny, og oppmodar til at dei kan gjere det.

– Eg håper desse situasjonane vi no høyrer om er tilfeldige, og ikkje eit angrep på FNB. Her bør dei ansvarlege vurdere omval til dei som ikkje finn partia sine. Vi må kunne stole på at systemet blir overheldt.



– Her bør dei ansvarlege vurdere omval til dei som ikkje finn partia sine, meiner Morten Klemetsen angående at det har mangla lister fleire stader.

Erlend Kristiansen